

MÅLBRUKSPLAN for Hemsedal kommune

1. Målform

Hemsedal kommunestyre har i sak 59/73 gjort vedtak om å nytte nynorsk som administrasjonsmål.

Med tilvising til dette vedtaket er dei tilsette og dei folkevalde pålagde å nytte nynorsk skriftspråk i tenesta.

I kommunstyresak 12/93 vart det vedteke å melde Hemsedal kommune inn i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK).

2. Språkpolitiske mål

Skriftspråket som vert nytta i kommunen er nynorsk. Språket må vere så godt og variert som mogleg. Der det fell naturleg kan det nyttast eit skriftspråk som ligg nær opptil hemsedalsdialekten. Kommunen ønskjer eit enkelt, klart og brukarvennleg språk.

Dialekten (målføret) er ein særskild viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det derfor som ei sentral oppgåve å verne om dialekten vår gjennom levande bruk og medveten utvikling.

3. Tiltak

Opplæring

Kommunen tek sikte på:

- å gje alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i god offentleg målbruk.
- å gje tilbod om tilpassa kurs minst ein gong i året.
- å gjere tilsette i skulen og barnehagane kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur.

I utlysingar av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

Hjelpemiddel

På alle kontor i kommunen skal det vere:

- nynorsk ordliste av nyare dato.

Dei tilsette må søkje sakkunnig hjelp i målspråkspørsmål. I kommuneadministrasjonen skal det vere ein person som skal stå til rådvelde som rådgjevar i slike spørsmål.

Etatane skal gjere seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt. Spesielle fagord som ikkje ligg inne i den generelle ordlista skal leggjast inn, jf stavekontrollar i tekstbehandlingsprogram.

Materiell

Kommunen skal syte for at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande som vert brukte i kommunen, er på nynorsk.

Alle malar som ligg til bruk i IT-systemet bør så langt råd er tilpassast nynorsk.

Stadnamn

Byggjefelt, vegar og anna som skal namngjevast, skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Alle slike namn må skrivast rett, og uttalen må vere i samsvar med målføret. Sjå også Lov om stadnamn frå 18. mai 1990.

Samarbeid med næringsdrivande

Kommunen vil arbeide for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i bygda om å drive god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Kommunen er medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

4. Hjelp for eit godt skriftspråk

- Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk.
- Kommunen skal i hovudsak nytte ei konsekvent språklinje, og vi bør i utgangspunktet halde oss innanfor læreboknormalen. Der det finst valfrie former, bør vi velje den forma som ligg nærast hemsedalsdialekten.
- Lokale ord og uttrykk som er i vanleg bruk i kommunen, bør brukast.
- Særleg viktig er det at vi nyttar aktiv og ikkje passiv setningsbyggnad.
- Ordrekkjefølgja bør vere mest mogleg som i vanleg talemål.
- Språket vert ledigare om vi brukar ei personleg form.
- Unngå det upersonlege ein. Bruk eg eller vi/me i staden.
- Bruk norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjere.